

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Dakar ref.
201834180-3

Vår ref.
2008001252-20 2019000873
Jarle Lunde

Arkivkode:
K2 - K54

Dato:
16.01.2019

UTTALE TIL NY PLANENDRINGSSØKNAD - BLÅFJELL PUMPE MED OVERFØRING TIL BLÅSJØMAGASINET

Me viser til brev datert 15.11.2018 angående høyringa, og seinare e-post datert 03.01.2018 der Suldal kommune får utsett høyringsfrist. Suldal kommune har vedteke følgjande:

Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet) - 010/19:

For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare redusere trekkvegar og dermed leveområda. Suldal kommune rår difor frå at ny planendring for Blåfjell pumpe blir godkjent.

Kopi av innstilling og vedtak ligg ved.

Med helsing
Bygdeutvikling

Endre Gjil
bygdeutviklingssjef

Jarle Lunde
Rådgjevar

Kopi til:

Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59 Sentrum	4001 STAVANGER
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130 HJELMELAND

Kopi til:

Rogaland Postboks 130 Sentrum 4001 STAVANGER
fylkeskommune

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng derfor inga underskrift.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2 - K54	08/1252

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/19	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	15.01.2019

Uttale til ny planendringssøknad - Blåfjell pumpe med overføring til Blåsjømagasinet

Rådmannen si innstilling

For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare redusere trekkvegar og dermed leveområda. Suldal kommune rår difor frå at ny planendring for Blåfjell pumpe blir godkjent.

Sand, 16.01.2019

Øyvind Valen
rådmann

Dokumentliste:

Høyring av ny planendringssøknad - Blåfjell pumpe med overføring til Blåsjømagasinet - Ulla Førre - Statkraft Energi AS

Saksopplysningar**Fakta**

NVE har mottatt søknad frå Statkraft Energi AS datert 22.3.2018 om ein ny planendring for konsesjonsgitte Blåfjell pumpe med overføring av vatn til Blåsjømagasinet i Hjelmeland kommune. Suldal kommune er høyringsinstans i saka.

Statkraft søkte første gang om konsesjon for Blåfjell pumpe med overføring til Blåsjømagasinet i Hjelmeland kommune i 2008. LMT-utvalet gjorde følgjande vedtak (LMT-044/09):

Suldal kommune rår til at konsesjon blir gitt til søknad om Blåfjell pumpe med overføringar til Blåsjømagasinet. Suldal kommune krev at straumlina til pumpehus ved Stora Blåfjellvatn blir lagt i sjøkabel. Det må også vere mogleg å passera bekken mellom Litla Gilavatnet og Stora Blåfjellvatnet.

Statkraft Energi AS fikk ved kongelig resolusjon 14.06.2013 løyvde til bygging av Blåfjell pumpe med overføring av vann til Blåsjømagasinet.

I 2017 føreslo Statkraft ein revidert og noko redusert utbygging. Planendringa medførte blant anna at pumpestasjonen leggst i fjell, vassoverføringa ville skje gjennom tunnel, kraftleidning med luftspenn blei tatt ut og tilkomst blei justert. Tilkost over Store Gilavatnet ved Gilavassdammen ville etter samråd med villreinnemnda bli igjen som ein villreinpassasje etter avslutta anleggsperiode. Suldal kommune gav ikkje uttale i saka. Planendringa blei godkjent ved kongelig resolusjon 01.09.2017.

Statkraft har no gjennomført ei ny vurdering av konsesjonsgitt utbyggingsløyving

som viser at den ikkje vil vere lønnsam. I søknad kan ein lese: «For å kunne gjennomføre prosjektet innanfor akseptable økonomiske rammer har det derfor vært nødvendig å

endre de tekniske planene. Alternativet til dette vil være å legge prosjektet på is inntil videre, og se om de økonomiske forutsetningene endrer seg positivt over tid. En vil i så fall miste inntekter fra el-sertifikater, noe som vil bidra vesentlig til at prosjektet da ikke kan gjennomføres.»

Om saka skriv NVE i sitt høringsbrev:

«Planendringen består i hovedsak av vesentlige reduksjoner i fjellarbeider, der tunneler reduseres til et minimum og i størst mulig grad erstattes av borehull. Pumpestrekningen

(tunnel/borehull) fra Stora Blåfjellvatnet til Stora Gilavatnet (Blåsjømagasinet) forkortes vesentlig ved at den deles opp i to strekninger der Litla Gilavatnet benyttes som del av vannveien. Bygging av to pumpestasjoner i stedet for en og pumpemagasin i Litla Gilavatnet medfører nye arealinngrep. Samtidig vil planendringen føre til redusert behov for massedeponier, bedre miljømessig plassering av Blåfjell pumpe samt vesentlig kortere anleggsperiode. Det vil heller ikke være behov for vei langs Store Gilavatnet. I planendringen inngår at en del av et lite felt som skulle overføres ved selvfall til Blåsjø ved Førrevassdammen ikkje gjennomføres. Gjennomføringen etter revidert plan vil gi 47,1 GWh økt produksjon i Ulla-Førre – anleggene, mot 47,4 GWh etter tidligere konsesjonsgitt løsning. Statkraft mener planendringen vil være positiv sett ut i fra et natur- og miljøperspektiv.»



Kart over tiltak i konsesjonsgitt prosjekt for Blåfjellpumpe 01.09.2017 merket rødt. Inngrep som faller ut i denne planendringa er satt kryss over, og nye anlegg og vassvegar er markert med grøn strek. Blå/lilla prikket linje er 22 kV kabel og styringskabel i vann, og i grøft. Gul prikket linje er veg- og kabeltrasé som utgår. Kjelde: Statkraft, søknad om planendring.

Økonomiske konsekvensar

For Suldal kommune vil inntekter frå utbygginga utgjere ein auke i inntening av skatt frå Ulla-Førre, Statkraft. Planendringa vil føre til ei marginal mindre produksjon enn gjeldane konsesjon.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)

Innkomne uttalar

Suldal kommune har ikkje henta inn uttalar, med det kan nemnast at Verneområdestyret for SVR har gitt ein uttale til NVE der dei ber om at søknaden om planendring ikkje blir godkjent då det vil vere ei tilleggsbelastning for villreinen. Villreinnemda for Setesdalsområdet har ikkje ferdigbehandla saka, men innstillinga frå sekretariatet er å rå i frå godkjenning av planendringssøknad slik den er lagt fram.

Vurdering og konklusjon

Suldal kommune er med Ulla-Førre og Røldal–Suldal blant landets største kraftkommunar. Vasskraft er ei viktig ressurs, og for Suldal kommune utgjør disse to utbyggingane ein stor, viktige inntekt. Det er òg god miljøpolitikk å erstatte fossilt brensel med vasskraft. Opprusting og utviding av allereie utbygde vassdrag er generelt positivt samanlikna med nye vassdragsutbyggingar. Det er likevel viktig å belyse konsekvensane av tiltak. I denne saka er det planendringane som må belysast.

Etter ny plan vil det bli mindre landskapsmessige endringar, bla anna vil Litla Gilavatnet bli demt opp 1,5 m og få ei reguleringshøgde på 1 meter. Alle fysiske og estetiske inngrep ligg i Hjelmeland kommune. Slik rådmannen ser det er det difor konsekvensane for villrein det er viktig for Suldal kommune å uttale seg om. Villreinen har vore sterkt skadelidande på grunn av dei store vasskraftutbyggingane i Setesdal-Ryfylke.

Sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Det er mellom anna oppretta 10 nasjonale villreinområder. Setesdal Ryfylke er eit av desse. Den regionale «Heiplanen» frå

2013 gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av området. Tiltaksområdet ligg innanfor nasjonalt villreinområde i Heiplanen.

På grunn av dei store inngrepa nyttar ikkje villreinen områda vest for Blåsjø på same måte som før. Generelt er det færre dyr og dei er her mindre regelmessig enn tidligare. Det er eit mål for forvaltninga å auke bruken av området. Dette kan ein få til med avbøtande tiltak, noko Suldal kommune, saman med Hjelmeland og Bykle, tek opp som tema i samband med sitt revisjonskrav for Ulla-Førre.

I planendringa er det tiltak som kan slå ut både positivt og negativt for villreinen. Kortare anleggsperiode og at ein ikkje vil byggje ein midlertidig anleggsveg langs Stora Gilavatnet er positivt, men berre i eit kort tidsperspektiv. Ulempe er knytt til pumpestasjon og villreinterskel. I staden for ein pumpestasjon i fjell får ein no to i dagen. Sjølv om villreinen reagerer lite på faste installasjonar i seg sjølv, er det grunn til å tro at villreinen vil kunne oppfatte pumpestasjonar med lyd som eit vandringshinder. Ein anna ulempe er at planlagt villreinterskel over Gilavatnet (del av Blåsjø) blir borte. Tiltaket var tenkt å kunne betre den eksisterande passasjen for villrein.

Inngrep og forstyrringar har gjort villreinen sitt leveområde stadig mindre og meir oppdelt. Ikkje minst er trekkforholda i nord-sør retning på vestsida av Blåsjø blitt særst vanskelege. For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare redusere trekkvegane og dermed leveområda. Rådmannen rår difor til at ein held fast på noverande konsesjon.

15.01.2019 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Røysteresultat:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

LMT- 010/19 Vedtak:

For ivaretaking av villreinstammen er det vesentleg at det ikkje blir tillate byggetiltak som ytterligare redusere trekkvegar og dermed leveområda. Suldal kommune rår difor frå at ny planendring for Blåfjell pumpe blir godkjent.